



Geoteknikk

Rv. 22 Rudskogen - E18 utbedring av problempunkter.
Delstrekning 1. Geoteknisk vurderingsrapport for
reguleringsplan

RV 22 strekning 6, delstrekning 1, meter 1812, Rakkestad kommune

Fagressurs Drift og vedlikehold

C15888-GEOT-01_rev01





Statens vegvesen



Oppdragsrapport

Nr. C15888-GEOT-01 rev01

Labsysnr.

Geoteknikk

Rv. 22 Rudskogen - E18 utbedring av problempunkter. Delstrekning 1. Geoteknisk vurderingsrapport for reguleringsplan

Drift og vedlikehold

Fagressurs Drift og vedlikehold

Geofag Drift og vedlikehold

Postadresse Pb. 1010 Nordre Ål

2605 Lillehammer

Telefon (+47) 22 07 30 00

www.vegvesen.no

UTM-sone	Euref89 Ø-N	Oppdragsgiver:	Antall sider:
33	293702 - 6593760	Plan og utbygging øst 1	17
Kommune nr.	Kommune	Dato:	Antall vedlegg:
3120	Rakkestad	2024-09-23	8
		Utarbeidet av	Antall tegninger:
		Guro Skogen Grøndalen	9
Prosjektnummer		Seksjonsleder	Kontrollert
C15888		Viggo Aronsen	Hilde Landrø Fjeldheim
Sammendrag			

Delstrekning 1 omfattar utbedring av Lundkrysset; Rv. 22 x Fv. 124 nord for Rakkestad sentrum.

Det er påvist sprøbruddmateriale i eitt punkt sør for tiltaket, det er i tillegg tolka sprøbrudd/kvikkleire i fire punkt. Tiltaket er begrensa i omfang og lokal- og områdestabilitet er ivareteke.

Det må ikkje mellomlagrast massar i området utan at vurdering er utført av geotekniker.

Utskifting og eventuell flytting av VA-traseen som kryssar under fylkesvegen er ikkje prosjektert pr. dags dato. Stabilitet og tillatt graveskråning i forbindelse med dette tiltaket må utgreiast i neste planfase.

Emneord

GEOTEKNISK KLASSIFISERING OG KRAV TIL KONTROLL

Geoteknisk kategori		Konsekvensklasse				
Valg av geoteknisk kategori styres av prosjektets kompleksitet og risiko. Geoteknisk kategori velges iht. Eurocode 7 og N200. N200 kap. 202.1 gir egne presiseringer for valget hvis prosjektet involverer kvikkleire, fyllinger i sjø og armert jord. Der beskrives det også hvordan geoteknisk kategori velges med hensyn til bergskjæringer Valg Geoteknisk kategori 2		Klasse	Beskrivelse*			
		CC1	Liten konsekvens i form av tap av menneskeliv, og små eller uvesentlige økonomiske, sosiale eller miljømessige konsekvenser.			
		CC2	Middels stor konsekvens i form av tap av menneskeliv, betydelige økonomiske, sosiale eller miljømessige konsekvenser.			
		CC3	Stor konsekvens i form av tap av menneskeliv, eller svært store økonomiske, sosiale eller miljømessige konsekvenser.			
		<i>* mer detaljert beskrivelse gitt i Tabell 0-1 i V220</i>				
		Valgt konsekvensklasse		CC2		
Klassifisering fastsatt av		Valg av pålitelighetsklasse				
Navn	Dato	Konsekvensklasse	Pålitelighetsklasse			
Guro S. Grøndalen	23.09.2024	CC1	RC1			
		CC2	RC2			
		CC3	RC3/RC4			
<i>ved endring underveis i prosjekt må dette dokumenteres og endringen begrunnes.</i>		Valgt pålitelighetsklasse		RC2		
Kommentarer til valgt klassifisering						
Prosjektet omfattar utbetring av eit kryss, men minimale endringar av veglinja vertikalt og horisontalt. Ingen skjeringar og kun mindre fyllingar. Det er ikkje forventa stabilitets- eller setningsproblem. Grunnforholda er vurdert som ikkje vanskelege.						
Fastsettelse av prosjekterings-/utførelseskontrollklasse						
Geoteknisk kategori	Pålitelighetsklasse (RC)					
	1	2	3	4		
1	PKK1/UKK1	PKK2/UKK2				
2	PKK2/UKK2	PKK2/UKK2	PKK3/UKK3			
3		PKK2/UKK2	PKK3/UKK3	Se. N200 kap. 2		
Kontroll-klasse	Kontrollform					
	Ved prosjektering			Ved utførelse		
	Egen kontroll	Intern systematisk kontroll	Utvidet kontroll	Egen kontroll	Intern systematisk kontroll	Utvidet kontroll
PKK1/UKK1	Kreves	Kreves ikke	Kreves ikke	Kreves	Kreves ikke	Kreves ikke
PKK2/UKK2	Kreves	Kreves	Kreves¹⁾	Kreves	Kreves	Kreves¹⁾
PKK3/UKK3	Kreves	Kreves	Kreves ²⁾	Kreves	Kreves	Kreves ²⁾
<i>se utdypende beskrivelser for kontrollform og forklaring av "1)" og "2)" i N200 kap. 203</i>						
Kontroll	Utført av	Signatur		Dato		
Egenkontroll	Guro S. Grøndalen					
Intern systematisk kontroll	Hilde Landrø Fjeldheim					
Utvidet kontroll PKK2/UKK2	Simon Løvås					
Utvidet kontroll PKK3/UKK3						

INNHALD

1	Innleiing/orientering	5
2	Bakgrunnsinformasjon.....	5
2.1	Tidlegare utførte grunnundersøkingar	5
2.2	Kvartærgeologi og berggrunnsgeologi.....	5
2.3	Kvikkleire og kvikkleiresonar	6
3	Regelverk og krav til partialfaktor	7
3.1	Myndigheitskrav og kontrollform	7
3.2	Krav til lokalstabilitet	8
3.3	Krav til områdestabilitet.....	8
3.4	Krav til tillate setningar.....	8
3.5	Trafikk- og terrenglastar i stabilitetsberekningar	8
4	Vurdering av områdestabilitet.....	9
4.1	Del 1: Innleiande vurderingar av aktsemdsområde	9
4.2	Vurdering.....	11
4.3	Konklusjon.....	11
5	Mark- og laboratorieundersøkingar	12
5.1	Feltundersøkingar.....	12
5.2	Laboratorieanalysar	12
5.2.1	Resultat frå tolking av ødometer- og treaksialforsøk	12
5.3	Grunnvatn.....	13
6	Grunn- og fundamenteringsforhold	13
6.1.1	Grunnforhold.....	13
6.1.2	Kvikkleire/sprøbruddmateriale	13
6.1.3	Stabilitetsforhold	14
6.1.4	Setningsforhold	15
7	Konklusjonar og vidare arbeid	15
8	Referansar	17

FIGUROVERSIKT

FIGUR 1 – KVARTÆRGEOLOGISK KART OVER PROSJEKTOMRÅDET	6
FIGUR 2 – REGISTRERTE KVIKKLEIRESONAR I OMRÅDET	7
FIGUR 3 – ANTATT KRITISK SNITT A	10
FIGUR 4 – ANTATT KRITISK SNITT B.....	10
FIGUR 5 – ANTATT KRITISK SNITT C	11

TABELLOVERSIKT

TABELL 1 – TOLKING AV TREKSIALFORSØK	12
TABELL 2 – TOLKING AV ØDOMETERFORSØK	13
TABELL 3 – PÅVIST FØREKOMST AV KVIKKLEIRE ELLER SPRØBRUDDMATERIALE	13
TABELL 4 – INDIKASJONAR OM KVIKKLEIRE ELLER SPRØBRUDDMATERIALE VED TOLKING AV TOTALSONDERINGAR	14
TABELL 5 – JORDPARAMETRAR BRUKT I STABILITETSBEREKNINGAR	14
TABELL 6 – BEREKNA STABILITET I PROFIL	15

VEDLEGGSOVERSIKT

Vedlegg

- 1 Teikningsforklaring
- 2 Oversiktskart 1:50 000 (i A4 format)
- 3 Borpunktoversikt
- 4 Rutineundersøkingar
- 5 Ødometerforsøk
- 6 Treksialforsøk
- 7 Tolking av treksialforsøk
- 8 Tolking av ødometerforsøk

Teikning		Målestokk	Format
V101	Borplankart	1:1000	A3
V102	Borplankart	1:1000	A3
V103	Tverrprofil i profil 90 og 170	1:400	A1
V104	Tverrprofil i profil 230 og 260	1:400	A1
V105	Tverrprofil i profil 270, 280 og 290	1:400	A1
V106	Tverrprofil i profil 300, 310 og 330	1:400	A1
V107	Enkeltboringar T407 og T408	1:200	A3
V108	Stabilitetsberekning i profil 260, dagens situasjon	1:400	A1
V109	Stabilitetsberekning i profil 260, ny situasjon	1:400	A1

1 Innleiing/orientering

Etter oppdrag frå Drift og vedlikehald, Plan og utbygging øst 1, har Geofag Drift og vedlikehald føretatt geotekniske vurderingar for prosjektet *Rv22 Rudskogen – E18 utbetring av problempunkter*. Prosjektet omfattar utbetring av Rv22 på tre strekningar:

Delstrekning 1: Utbetring av Lundkrysset; Rv. 22 x Fv. 124 nord for Rakkestad sentrum

Delstrekning 2: Åstorp – Rakkestad

Delstrekning 3: Kjennersvingen – Ruds bru.

Denne rapporten er ein vurderingsrapport utarbeidd for reguleringsplan, den er revidert etter at linja vart endra og supplerande grunnundersøkingar utført i april 2024. Rapporten tek for seg Delstrekning 1. Delstrekning 2 er omtalt i rapport C15888-GEOT-02. Delstrekning 3 er ikkje ferdigstilt.

Rv. 22 har på Delstrekning 1 ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 3889 nord for krysset med Fv. 124, sør for krysset er ÅDT 4500.

Vedlegg 2 viser eit oversiktskart i målestokk 1:50.000 for området. Vegarealet som skal utbetrast på Delstrekning 1 er synt på borplankartet i teikning V101 og V102.

Det er påvist sprøbruddmateriale i eitt punkt (sør for krysset), i tillegg er det tolka mogleg sprøbrudd/kvikkleire i fire punkt. Denne rapporten omfattar derfor også utgreiing av områdestabilitet..

2 Bakgrunnsinformasjon


2.1 Tidlegare utførte grunnundersøkingar

Det er ikkje funne tidlegare utførte grunnundersøkingar og/eller geoteknisk prosjektering på strekninga.

2.2 Kvartærgeologi og berggrunnsgeologi

Kvartærgeologisk kart over delstrekninga er henta frå NGU sin kartportal og vist i Figur 1. I fylgje figuren går den aktuelle strekninga gjennom område dominert av marine avsetningar (blått i kartet).

Ifylgje NGU sitt berggrunnskart [1] (målestokk 1:250 000) ligg strekninga innafør eit område dominert av granat-biotittgneis.




Figur 1 – Kvartærgeologisk kart over prosjektområdet [2]. Den raude firkanten syner krysset som skal utbetrast.

2.3 Kvikkleire og kvikkleiresonar

Prosjektet ligg i sin heilheit under marin grense. Det er fleire registrerte kvikkleiresonar omkring Rakkestad, men ingen på eller tilgrensande den aktuelle strekninga.

Kart over registrerte kvikkleiresonar er henta frå NVE sin kartportal [3] og er vist i Figur 2. Den raude firkanten i figuren syner Lundkrysset/delstrekning 1.

Det er påvist og/eller tolka sprøbruddmateriale i fem punkt i forbindelse med grunnundersøkingar i planområdet. Dette er nærmare beskrive i kapittel 6. Faren for områdeskred er vurdert i kapittel 4.



Figur 2 – Registrerte kvikkleiresonar i området [3]. Den raude firkanten syner krysset som skal utbetrast.

3 Regelverk og krav til partialfaktor

3.1 Myndigheitskrav og kontrollform

Ifylgje Eurokode 7, NS-EN 1997-1:2004+A1:2013+NA:2020 [4] skal prosjekt plasserast i geoteknisk kategori på bakgrunn av risiko.

Vegnormal N200 [5] angir at i områder med kvikkleire skal prosjektet plasserast i geoteknisk kategori 3, men at det kan nedklassifiserast til kategori 2 dersom det er spesielt gunstige forhold. På Delstrekning 1 er det funne sprøbruddmateriale i eitt punkt (401), i tillegg indikerer fire andre sonderingar blaut leire (mogleg sprøbrudd). Det er i kapittel 4 vist at området ikkje er utsett for områdeskred, i tillegg syner stabilitetsberekningar at tiltaket oppfyller sikkerheitskrav med god margin. Det er på bakgrunn av dette valt å sette prosjektet i **geoteknisk kategori 2**.

Med bakgrunn i tabell NA.A1(901) i Eurokode 0 [6] samt Tabell 1.1.1.-1 i Handbok V220 [7] er konsekvens-/pålitelegheitsklasse satt til **CC2** og **RC2**. CC2 er valt på bakgrunn av ÅDT på Rv. 22 samt at tiltaket er vurdert å ha begrensa bruddkonsekvens.

I fylgje Tabell 1.2.1-1 og 1.2.2-1 i Vegnormal N200 [5] er prosjektet i prosjekterings- og utførelseskontrollklasse **PKK2** og **UKK2**. Dette medfører at det skal utførast

- eigenkontroll
- utvida kontroll (intern, systematisk kontroll – kollegakontroll)
- utvida kontroll i fylgje PKK2 (verifisering av at eigen- og kollegakontroll er utført)

Skjema for val av geoteknisk kategori, konsekvensklasse, pålitelegheitsklasse, kontrollform samt dokumentasjon av utført kontroll er vist på side 2 i rapporten.

3.2 Krav til lokalstabilitet

Med bakgrunn i vald konsekvensklasse (CC2 alvorleg) og forventa bruddmekanisme (sprøtt, kontraktant brudd) er partialfaktorar for lokalstabilitet vald etter Tabell 1.4.2-1 og 1.4.2-2 i Vegnormal N200 [5].

Dette utgjør $\gamma_M=1,5$ for effektivspenningsanalyse og $\gamma_M=1,5$ for totalspenningsanalysar.

3.3 Krav til områdestabilitet

Det er funne sprøbruddmateriale i eitt punkt utanfor tiltaket (sjå kapittel 5). Det er elles ikkje påvist kvikkleire eller sprøbruddmateriale, men fire andre sonderingar indikerer eit leirlag med synkende eller svært liten sonderingsmotstand, som er tolka som mogleg sprøbrudd.

I fylgje Vegnormal N200 [5] skal områdestabiliteten utgreiast ifylgje NVE 2019/1 [8]. Utgreiinga er vist i kapittel 4 og konkluderer med at det ikkje er fare for områdeskred på Delstrekning 1.

3.4 Krav til tillate setningar

Setningar skal vurderast etter prinsippa gitt i Vegnormal N200 [5]. Berekningane er utførte i bruksgrensetilstand (dvs. $\gamma_M=1,0$). Det stilles 3 type krav til setningar som ikkje skal overskridast i løpet av 40 år etter ferdigstilling av anlegget. Krava avheng av vegens dimensjonerande fartsgrense, som i dette tilfellet er 70 km/t.

1. Totalsetningar skal ifylgje Tabell 1.5.1-1 ikkje overskride 45 cm i enkelt profil
2. Setningsforskjel på langs skal tilfredsstillе Figur 1.5.2-1.
3. Tverrfallsavvik på grunn av setningar skal ifylgje Tabell 1.5.3-1 ikkje overskride 1,1 %

3.5 Trafikk- og terrenglaster i stabilitetsberekningar

For trafikkklaster ved stabilitetsberekningar skal ein bruke ei jamt fordelt last på 19,5 kPa over heile breidda av vegen. Dette omfattar også vegskuldrer og tilstøytane parkeringsplassar. Lastane er i samsvar med krav i Vegnormal N200 [5] og inkluderer ein lastfaktor på $\gamma_Q=1,3$.

Det er ikkje vanleg å rekne med snølast på terreng i stabilitetsanalysar.

Laster som har ei plassering slik at dei påverkar stabiliteten positivt er ikkje teke med i berekningane.

4 Vurdering av områdestabilitet

NVE vegleiar nr. 1/2019 *Sikkerhet mot kvikkleireskred: vurdering av områdestabilitet ved arealplanlegging og utbygging i områder med kvikkleire og andre jordarter med sprøbruddegenskaper* [8] beskriv korleis skredfare i områder med kvikkleire og andre jordarter med tilsvarende eigenskapar skal undersøkast og tas hensyn til i arealplan og byggesak. Den beskriv krav til grunnundersøkingar og stabilitetsanalyser, kva for krav til sikkerheit som gjeld og korleis desse krava kan oppfyllest.

Det er i vegleiaren gitt ei prosedyre for utgreiing av områdeskredfare. Del 1 av prosedyren omfattar 3 steg for innleiande vurderingar og avgrensing av aktsemdsområde. Del 2 av prosedyren omfattar utgreiing av faresoner med tilhøyrande dokumentasjon og kvalitetssikring.

4.1 Del 1: Innleiande vurderingar av aktsemdsområde

1. Undersøk om det finns registrerte faresoner (kvikkleiresonar) i området

Det er ingen registrerte kvikkleiresonar langs den aktuelle strekninga, sjå kapittel 2.3.

2. Avgrens område med mogleg marin leire


Prosjektområdet ligg i sin heilheit under marin grense.

3. Avgrens område med terreng som kan vere utsett for områdeskred

- a) Ifølge vegleiaren er terreng som kan inngå i løsneområde for skred
- i. Total skråningshøgde (i lausmassar) over 5 meter, *eller*
 - ii. Jamt hellande terreng brattare enn 1:20 og høgdeforskjell over 5 meter

Det er her sett på 3 ulike snitt omkring tiltaksområdet. Desse er vist i figur 3, 4 og 5 nedanfor.

I snitt A i Figur 3 er terrenget jamt hellande med helling 1:57 og høgdeforskjell 3,5 meter. I snitt B i Figur 5 er terrenget jamt hellande med helling 1:29 og høgdeforskjell 5,4 meter. I snitt C i Figur 4 er terrenget jamt hellande med helling 1:18 og høgdeforskjell 8 meter.



Figur 3 – Antatt kritisk snitt A. Oransje markering av tiltaksområdet. Raude trekantar viser omtrentleg plassering av sonderingar med påvist eller antyda sprøbruddmateriale. Analysert i hoydedata.no [9]



Figur 4 – Antatt kritisk snitt B. Oransje markering av tiltaksområdet. Raude trekantar viser omtrentleg plassering av sonderingar med påvist eller antyda sprøbruddmateriale. Analysert i hoydedata.no [9]



Figur 5 - Antatt kritisk snitt C. Oransje markering av tiltaksområdet. Raude trekantar viser omtrentleg plassering av sonderingar med påvist eller antyda sprøbruddmateriale. Analysert i hoydedata.no [9]

4.2 Vurdering

Som vist over er det kun snitt C som oppfyller terrengkriteria for terreng som kan inngå i løснеområde for skred. I borpunkt T403, T410 og T411 som ligg nærmast snittet, er det ikkje indikasjonar på sprøbruddmateriale og/eller kvikkleire. Ifylgje NVE vegleiar [8] og handbok V220 [7] kan tiltaket *utbetring av krysset* settast i tiltakskategori 2. Da er krav til sikkerheit oppfylt dersom tiltaket ikkje forverrar stabiliteten. Dette kravet er oppfylt, sjå stabilitetsberekningar i Tabell 6. Det er vidare ikkje krav til soneutgreiing i K2.

I snitt B er høgdeforskjellen større enn 5 meter (5,4 meter), men hellinga er slakare enn 1:20. Snittet kan såleis argumenterast å ligge i grenseland for å oppfylle terrengkriteria i vegleiar. Snittet er dratt frå fylkesvegen og ned til botnen av dalen, som kan minne om ei ravine i kartet. Ut i frå flyfoto er det her dyrka mark og ikkje noko teikn på at det renn vatn her. Altså er det ingen, eller i forbindelse med kraftige nedbørshendingar truleg svært lite erosjon, og det vurderast at sannsynet for at eit initialskred kan starte her er svært liten. På bakgrunn av dette er det valt å vektlegge at terrengkriteria ikkje er oppfylt, og snittet er derfor ikkje utgreia vidare.

4.3 Konklusjon

Det konkluderast med at det ikkje er fare for at områdeskred kan løсне eller råke tiltaket *utbetring av Lundkrysset* på Delstrekning 1.

5 Mark- og laboratorieundersøkingar

5.1 Feltundersøkingar

På Delstrekning 1 omfattar utførte grunnundersøkingar i alt 12 totalsonderingar og opptak av 4 uforstyrta prøveseriar. I tillegg er fjell i dagen målt inn i fem punkt. Undersøkingane vert utført i perioden 13.04.2023 – 04.05.2023 og supplert den 09.04.2024. Grunnundersøkingane er utført ifylgje Statens vegvesens egne retningslinjer [10], ved bruk av ein borerigg av typen Geomaskin 8 GT.

Ei samla oversikt over plassering, boredjup og data for identifisering av dei ulike boringane går fram av Vedlegg 3. Alle boreposisjonar er innmålte med CPOS korrigert GPS, som normalt gir ein total nøyaktigheit for xyz-posisjon innafor ca. 10 cm. Det er brukt koordinatsystem EUREF89 NTM sone 11 med høgdereferanse N2000.

Plassering av alle borpunkt går også fram av borplankartet i Teikning V101 og V102. Resultata frå sonderingane og laboratorieanalysane av prøveseriane er presenterte i teikning V103 til V107.

5.2 Laboratorieanalysar

Prøveseriane er analyserte ved Statens vegvesen sitt laboratorium i Oslo. Rutineundersøkingane består av fastsetting av vanninnhald, plastisitetsgrenser, uomrørt- og omrørt konusforsøk, enaksforsøk og glødetap der dette er vurdert aktuelt. For utvalde prøver er det i tillegg utført korngraderingsanalyse, samt treaks- og ødometerforsøk. Laboratoriearbeidet er utført ifylgje Statens vegvesen egne retningslinjer [11].

Resultata frå laboratorieanalysane av prøveseriane er vist saman med andre undersøkingsmetoder i teikning V103 til V107.

5.2.1 Resultat frå tolking av ødometer- og treaksialforsøk

Dei utførte treaksialforsøka viser følgande tolka parametarar:

Tabell 1 – Tolking av treaksialforsøk

Hull nr.	Type forsøk	Dybde, m	Attraksjon, a (kPa)	Friksjonsvinkel, ϕ	Aktiv udrenert skjærfasthet, c_{uc} (kPa)	Deformasjon %
401	CAUc	2,65	8	34	26,8	2
401	CAUc	4,45	6	34	21,5	1,5

Dei utførte ødometerforsøka viser følgande tolka parametarar:

Tabell 2 – Tolking av ødometerforsøk

Hull nr.	Type forsøk	Dybde m	OCR	M_{oc} (kPa)	σ'_c (kPa)	σ'_r (kPa)	m_{nc}	c_{voc} (m ² /år)	c_{vnc} (m ² /år)	m_{cv} (m ² /år*kPa)
401	CRS	2,5	7,4	3	115	140	18,5	8	3	1,7
401	CRS	4,5	4,8	4,5	110	80	17,9	10	2	4,8

Både treaksialforsøka og ødometerforsøka er vurdert å ha god kvalitet. Sjå vedlegg 7 og 8.

5.3 Grunnvatn

Det er ikkje utført poretrykksregistreringar, men vasstand vert registrert i forbindelse med grunnundersøkingar. Den låg da 20 – 40 cm under terreng.

6 Grunn- og fundamenteringsforhold

Delstrekning 1 omfattar som nemnt utbetring av Lundkrysset; Rv 22 x Fv. 124. Eksisterande veg vil ligge på same høgde som i dag pluss-minus 0,5 m. Krysset blir utvida mot sør med ei lita fylling (høgde inntil 1,0 m) på jordet.

Det kryssar ei kommunal vannledning under fylkesvegen i krysset. Denne må flyttast i samråd med kommunen. Dette tiltaket er ikkje prosjektert pr. dags dato.

6.1.1 Grunnforhold

Dei utførte sonderingane indikerer at lausmassane består av hovudsakeleg leirig og sandig silt og sand som ligg over og under eit leirlag med låg sonderingsmotstand. Det er registrert fjell i dagen i fem punkt rett aust for krysset. Fjellet ligg ellers på 2,5 – 5 meters djup i området omkring krysset, sørover frå krysset søkk det til ca. 16 meters djup ved sondering T401.

I sondering T401 er det påvist sprøbruddmateriale på 4,5 meter under terreng, dette laget kan og tolkast i sondering T404, T405 og T409. Elles indikerer dei andre analysane i hovudsak middels fast leire samt siltig leire og siltig sand.

6.1.2 Kvikkleire/sprøbruddmateriale

Det er påvist førekomst **sprøbruddmateriale** ($c_{urfc} < 2,0$ kPa iht. NS8015 eller $c_{urfc} < 1,27$ kPa ifylgje ISO17892-6:2017) ved laboratorieanalyser av prøver frå området. Dette er summert i Tabell 3.

Tabell 3 – Påvist førekomst av kvikkleire eller sprøbruddmateriale

Posisjon	Type (kvikk/sprø)	Djup (m)	c_{urfc} (kPa)	St (-)	Merknad
T401	Sprø	4,35	1,1	17	

Det er funne indikasjonar på førekomst av kvikkleire eller sprøbruddmateriale ved enkel tolking av total-/dreietrykksonderingar i området.

Tabell 4 – Indikasjonar om kvikkleire eller sprøbruddmateriale ved tolking av totalsonderingar

Posisjon	Djup (m)	Metode (-)	Merknad
T402	4–5,5	TOT	Synkende sonderingsmotstand
T404	2–3	TOT	Veldig låg sonderingsmotstand
T405	2–3	TOT	Veldig låg/ingen sonderingsmotstand
T409	2–3,5	TOT	Låg sonderingsmotstand

Særleg når det gjeld sonderingar med anteke djuptliggande sensitive massar er denne type tolking ekstra usikker/vanskeleg.

6.1.3 Stabilitetsforhold

Det er gjort stabilitetsberekningar av fyllinga for utvidinga av krysset i profil 260. Berekningane er utført etter prinsippa gitt i Håndbok V220 [7]. Berekningane er utført ved hjelp av programmet Geosuite stabilitet [12] versjon 24.0.8.0.

Jordparametrar brukt i stabilitetsberekningane er vist i Tabell 5. Parametrane er valt på bakgrunn av utførte grunn- og laboratorieundersøkingar samt erfaringsverdiar frå HB V220 [7]. Vald udrenert skjærfastheit for silten er basert på enaksialforsøk i hull T405. Fyllinga vil i prinsippet kun bestå av vegoverbygning, inkludert frostsikring, jamfør vegteknologisk rapport [13].

Tabell 5 – Jordparametrar brukt i stabilitetsberekningar

Materiale	Tyngde- tettheit γ/γ' (kN/m ³)	Aktiv udrenert skjærfastheit c_{uC} (kPa)	Attraksjon a (kPa)	Friksjons- vinkel ϕ (°)	Merknad
Vegoverbygning/ fylling	19/9	–	8	42	Tjukkelse 1,7 m ifylgje vegteknologisk rapport [13]
Leire	19/9	21,5	6	34	
Sandig silt	18/8	40	0	33	

Grunnvasstanden er anteke å ligge anslagsvis 0,2 – 0,5 m under terreng.

Tabell 6 viser berekna stabilitet i ulike situasjonar saman med krav til materialfaktorar, γ_m . Oppnådd materialfaktor i kvar berekning er klassifisert med farge for å indikere om berekningane innfrir krav om absolutt materialfaktor (**grønn**), eller om situasjonen hamner

under krav til sikkerheit (rød). Det vises til kapittel 3.2 og 3.3 i denne rapporten for oppsummering av krav til sikkerheit ved berekning av lokal- og områdestabilitet.

Tabell 6 – Berekna stabilitet i profil

Teikning nr. Berekning	Analyse- metode	Berekna med GS stabilitet		Merknad
		Beregnet γ_m kritisk flate	Krav til γ_m	
V108 Profil 260, dagens situasjon	s_u	5,97	1,5	Vegoverbygning/fylling er neglisjert da det antas at eksisterande Rv. 22 ligg rett på stadlege masser
V108 Profil 260, dagens situasjon	$a\phi$	5,67	1,5	
V109 Profil 260, ny situasjon	s_u	6,52	1,5	
V109 Profil 260, ny situasjon	$a\phi$	2,77	1,5	

Berekningane viser at det ikkje er forventa stabilitetsproblem i forbindelse med kryssutbetringa.

I forbindelse med utskifting av VA er det ikkje gjort stabilitetsberekningar. I utgangspunktet skal det brukast grøftekasser ved utgraving djupare enn 1 meter og i leirige massar. Dersom det er ynskjeleg å grave med graveskråning må det i neste planfase gjerast ei geoteknisk vurdering av tillatt graveskråning. Det er også anbefalt ein sikkerheitsavstand på 1 til 1,5 meter mellom topp skråning og trafikkarealet.

Det må elles ikkje mellomagrast massar i området utan at vurdering er utført av geotekniker.

6.1.4 Setningsforhold

Det er ikkje forventa setningsproblem på strekninga. Utbetringa skjer i all hovudsak på dagens veg som antas å ha gjort frå seg setningar. Etter utbetring vil vegen ligge på same nivå som i dag eller lågare, altså vil ein kunne få ei minimal avlastning. Dei mindre fyllingane i breiddinga av vegen/krysset er ikkje forventa å gje setningar av betydning. Dette forutsett at fylling og vegoverbygning blir lagt ut og komprimert ifylgje Vegnormal N200 [5].

7 Konklusjonar og vidare arbeid

Det er gjennom utgreiing og vurderingar vist at utbetring av Lundkrysset ikkje medfører store geotekniske problemstillingar. Tiltaket er begrensa i omfang og lokal- og områdestabilitet er ivareteke.

Det er ikkje gjort detaljerte vurderingar for grøftearbeid. Stabilitet og tillatt graveskråning i forbindelse med reetablering av den kommunale vannledninga må utgreiast i neste planfase.

Det må ikkje mellomlagrast massar i området utan at vurdering er utført av geotekniker.

Rådatafiler og anna informasjon ligg lagra internt hos SVV på
O:\PROF\Moss_4R\C15888r_Rv22 Rudskogen-E18\03_Fag\Geoteknikk

8 Referansar

- [1] NGU, «Berggrunn – Nasjonal berggrunnsdatabase,» 2023. [Internett]. [Funnen 21 12 2023].
- [2] NGU, «Løsmasse – Nasjonal løsmassedatabase,» 2023. [Internett]. Available: https://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/. [Funnen 2023].
- [3] NVE, «NVE Atlas,» 2023. [Internett]. Available: <https://atlas.nve.no/Html5Viewer/index.html?viewer=nveatlas#>. [Funnen 18 04 2023].
- [4] Standard Norge , NS-EN 1997-1:2004+A1:2013+NA:2020. Eurokode 7: Geoteknisk prosjektering. Del 1: Allmenne regler, 2020.
- [5] Statens vegvesen, N200 Vegbygging, 2022.
- [6] Standard Norge, NS-EN 1990:2002+A1:2005+NA:2016. Eurokode 0: Grunnlag for prosjektering av konstruksjoner, 2016.
- [7] Statens vegvesen (2022), Geoteknikk i vegbygging. Håndbok V220.
- [8] NVE, «Sikkerhet mot kvikkleireskred. Veileder 1/2019,» 2019.
- [9] Kartverket, «hoydedata.no,» [Internett]. Available: <https://hoydedata.no/LaserInnsyn2>. [Funnen 07 02 2024].
- [10] Statens vegvesen (2021), Feltundersøkelser. Håndbok R211.
- [11] Statens vegvesen (2016), Laboratorieundersøkelser. Håndbok R210.
- [12] Carl J. Frimann Clausen (1990), Beast. A Computer Program for Limit Equilibrium Analysis by the Method of Slices. Reposrt 8302-2. Revision 4, 24. April 2003.
- [13] B. O. Nilsen, «Rv. 22 Rudskogen – E18, utbedring av problempunkter. Del 1: Rv. 22 Kryssutbedring Rakkestad nord (rv. 22xfv.124). Dimensjonering av vegoverbygning – Reguleringsplan,» Statens vegvesen, 2024.

VEDLEGG

Opptegning i plan / på oversiktskart.

TEGNINGSSYMBOLER

Nummerering i henhold til borpunktliste GeoPlot.

Symbol	Metode	Anmerkning	Symbol	Metode	Anmerkning
●	2401 Dreiesondering	Sondering m. registrering av motstand.	■	2410 Setningsmåling	Nivellements punkt.
◎	2402 Prøveserie	Prøvene tatt med boringsredskap (skovlbor, prøvetager, diamantkjernebor m.m.)	⊖	2411 S.P.T.	Standard Penetration Test
□	2403 Prøvegrop	Prøvene tatt i gropvegg.	☆	2412 Fjellkontrollboring	Boring ned til og i fjell.
⊠	2404 Prøvebelastning	Peler, terrengplater, fundamenter o.l.	⊖	2413 Poretrykkmåling	Inkludert måling av grunnvannstand.
○	2405 Enkel sondering	Sondering uten registrering av motst., f.eks. spyleboring, slagboring m.m.	●	2414 In situ permeabilitetsmåling	Infiltrasjonsforsøk, prøvepumping m.m.
◊	2406 Dreietrykksondering	Maskinsondering med automatisk registrering.	+	2415 Vingeboring	Måling av uomrørt og omrørt udrenert skjærstyrke.
▽	2407 CPTU	Sondering der spissmotstand, lokal friksjon og poretrykk registreres under nedpressing	∩	2416 Elektrisk sondering	Elektrisk motstand, korrosivitet etc.
⊗	2408 Skruplateforsøk	Kompressometer o.l.	⊞	2417 Helningsmåling	Inklinometer.
▼	2409 Ramsondering	Sondering der borstang slås ned. Stangdiameter, loddvekt og fallhøyde er normert. Q_0 registreres.	⊕	2418 Totalsondering	Kombinasjonsboring gjennom løsmasser og fjell.

NIVÅER OG DYBDER (i meter)

$$\star \frac{12,8}{-5,7} 18,5+3,0$$


Over linjen : kote terreng eller elvebunn, sjøbunn ved boring i vann (12,8).

Ut for linjen : boret dybde i løsmasser (18,5). Evt. boret dybde i fjell angis etter plusstegn (+3,0).


Under linjen : sikker fjellkote.

OPPTEGNING I PROFIL


Generelt




FORBORING (Gjelder alle sonderingstyper)




AVSLUTNING AV BORING (Gjelder alle sonderingstyper)



GRUNNVANNSTAND



⊖ PORETRYKK




Poretrykk, u, fremstilles i et diagram. En teoretisk linje for hydrostatisk trykkfordeling γ_{wz} kan vises.

VANNSTAND

HFV	Høyeste flomvannstand
HRV	Høyeste reguleerte vannstand
LRV	Laveste reguleerte vannstand
HHV	Høyeste høyyvannstand
LLV	Laveste lavvannstand
HV	Normal høyyvannstand
LV	Normal lavvannstand
MV	Normal middelvannstand
V	Vannstand (dato angis)
GV	Grunnvannstand (dato angis)

▼ RAMSONDERING




Rammemotstanden Q₀ angis som brutto rammeenergi i kNm pr. m synk av boret.

$$Q = \frac{W \times H}{s}$$

der W = Tyngde av lodd (kN)
H = Fallhøyde (m)
s = Synk i m pr. slag


○ ENKEL SONDERING



Boringer som bare har til hensikt å registrere dybder til fjell eller fast lag, uten registrering av neddrivingsmotstand.


Ved enkelt sondering med slagbormaskin og sondering med fjellrigg kan synk vises som sek/m.

+ VINGEBORING



Borhullet markeres med enkel tykk strek. Skjørstyrken s_u og s'_u angis i kN/m² med tegnet +. Verdier merka (+) ansees ikke representative. Verdien som angis er den kalibrerte omrørte og uomrørte skjørstyrke.

◆ DREIETRYKKSONDERING



Vanlig boring med 25 omdr./min. Pumping

Økt rotasjon

Borhullet markeres med en enkel tykk strek. Målt nedpressingskraft er vist som funksjon av dybden. Kraften er registrert ved automatisk skriver.


● DREIESONDERING



Forboringdybde markeres og diameter angis i mm. Vertikallasten i kN angis på borhullets v. side. Endring i belastning vises ved tverrstrek. Synk uten dreining markeres med skyggelegging eller raster.


Hel tverrstrek for hver 100 halv-omdreining. Halv tverrstrek for hver 25 halv-omdreining. Mindre enn 100 halv-omdreining vises ved å skrive ant. halv-omdr. på h. side. Neddriving ved slag på boret vises m. kryss, slagant. og redskap kan angis. Endret neddrivingsmåte vises m. hel tverstr.

▽ CPT / TRYKKSONDERING



Trykksondring med poretrykksmåling og friksjonsmåling. Borhullet markeres med en tykk strek hvor spissmotstandskurven tegnes inn. Poretrykkskurven og friksjonskurven tegnes inn i høvelig nærhet til spissmotstandskurven. Skala velges etter (opptredende) målte spenninger.


⊕ TOTALSONDERING (alt. 1)



Metoden er en kombinasjon av dreietrykksondring og fjellkontrollboring, med 57 mm borkrone.

Målt nedpressingskraft vises som funksjon av dybden der hvor boringen er utført med prosedyre som for dreietrykksondring. Økt rotasjonshastighet vises med kryss for denne delen av boringen.

⊕ TOTALSONDERING (alt. 2)



Ved boring med slag og spyling markeres dette med skravur. Bortid tegnes i blokker for hver 0,2m, evt. 1,0m (alternativ 1). Alternativt kan nedpressingskraft tegnes også for denne delen av boringen. Bortid tegnes da i blokker for hver 0,2m, evt. 1,0m, på motsatt side av diagrammet (alt. 2).

KODELISTE

Data som registreres kan kompletteres med borlederens egne inntrykk. For å hjelpe borlederen finnes det en kodeliste som anbefales brukt. Kodene kan om ønskelig tegnes til høyre for bordiagrammet. Disse koder benyttes:

GENERELLE KODER

- 00 Foreg. kode feil, skal være kode...
- 01 Startnivå for følgende kode
- 02 Metodebytte ved fortsatt sondring i samme hull (komb. m. ang. ny met.)
- 03 Ytterligere info. finnes

ANMERKNINGSKODER

- 10 Stoppnivå for tidligere forsøk (komb. m. stoppkode).
- 11 Lengre opphold i sond. (mer enn 5min.)
- 12 Dreining ikke utført fra det markerte nivå.
- 13 Sonden synker uten loddets vekt (ramsond.).
- 14 Sonden synker med loddets tyngde.
- 15 Sonderingsmotstand registreres ikke.
- 16 Stopp for poretrykksutjevning (CPT).
- 17 Poretrykksutjevning avsluttet.

FRIE KODER (EKSEMPEL)

- 60 Borstangen bøyer seg.
- 61 Trolig grunnvannsnivå.
- 62 Markert mottrykk under oppbygging.
- 63 Slutt mottrykk.

BEDØMMELSESKODER

- 30 Fyllmasse
- 31 Tørreskorpe
- 32 Leire
- 33 Silt
- 34 Sand
- 35 Grus
- 36 Morene
- 37 Torv
- 38 Gytje
- 40 Forekomst av stein
- 41 Stein, blokk eller berg.
- 42 Sluttnivå for stein eller blokk.

STOPPKODER

- 77 Slag og spyling slutter samt.
- 78 Pumping starter
- 79 Pumping slutter
- 90 Sondring avsl. uten å ha oppnådd stopp.
- 91 Fast grunn, sond. kan ikke drives videre etter norm. pros.
- 92 Ant. stein eller blokk
- 93 Ant. berg
- 94 Avsl. etter boret ønsket dybde i fjell.
- 95 Brudd i borstenger eller spiss.
- 96 Annen material- eller mask.feil
- 97 Boring avsl. (årsak notert)

MASKINTEKNISKE KODER

- 70 Økt rotasjon begynner
- 71 Økt rotasjon avsluttet
- 72 Spyling begynner
- 73 Spyling slutter
- 74 Slag starter
- 75 Slag slutter
- 76 Slag og spyling starter samt.

⊙ PRØVESERIE

Materialsignatur (iht. NGF)

Anmerkning



Fjell



Stein og blokk



Grus




Sand

T = tørrskorpe
Leire: R = resedimenterte masser
K = kvikkleire

Ved blandingsjordarter kombineres signaturene.
Morene vises ved skyggelegging.

Eks.:



Moreneleire

Grusig morene




Silt



Leire




Skjell




Fyllmasse




Trerester
Sagflis



Matjord



Torv
Planterester



Gytje, dy
(vannavsatt)


For konkresjoner kan bokstavsymboler settes inn i materialsignaturen.

Ca = kalkkonkresjoner
Fe = jernkonkresjoner
AH = aurlulle

SYMBOLER FOR LABORATORIEDATA

Laboratoriebestemmelser	Bokstav-symbol	Tegn-symbol	Anmerkninger
Materiale			Jordarter beskrives i samsvar med retningslinjer gitt av NGF. Hovedbetegnelsen skrives med store bokstaver.
Vanninnhold Naturlig vanninnhold Plastisitetsgrense Flytegrense Flytegrense konus	W W _P W _L W _F	• ┌───┐ ───┐ ───┐	Angis i masseprosent av tørrstoff. Metode skal angis.
Tyngdetthet / densitet Tyngdetthet Densitet Tørr densitet Korndensitet	γ ρ ρ _d ρ _s		Tyngdetthet kN/m ³ . Densitet t/m ³ . γ (kN/m ³)
Porøsitet Poretall	n e		
Skjørstyrke, udrenert Konusforsøk, uomrørt Konusforsøk, omrørt Enkelt trykkforsøk	S _{uk} S _{u'k} S _{ut}	▼ ▼ ∞	Symbolet settes i () hvis verdien ikke ansees representativ. Aksialdeformasjon ved brudd (ε _f) angis i % slik: $\frac{15-0-5\%}{10}$
Sensitivitet	S _t		Metode bør angis.
